

## Felles programstyre for lektorutdanninga

### Protokoll frå møte i felles programstyre for lektorutdanninga

#### Møte 21.mars 2024

Tidspunkt: 21. mars kl 09.00 – 11.00

Møtestad: lektorsenteret, Christies gate 20

**Til stades:** Endre Brunstad (leiar), Liv Eide (PF-PPU), Martin Sjøen (PF-5LU), Kjetil Børhaug (vara, SV), Sissel Undheim (vara HF-AHKR), Myriam Coco (HF-IF), Helga Mannsåker (HF-nordisk), Guri Reikvam (Bergen kommune, Slåtthaug ungdomsskole), Hilde Selbervik (observatør, fagleg praksiskoordinator) og Ranveig Lote & Aud Irene Mehammer (sekretariat, lektorsenteret).

**Meldt forfall:** Monica Håkonsli (VLFK), Johan Lie (MN), Christian Sæle (HF-AHKR), Katrine Aske, Karine Holthe Børstad og Thashany Pratheepan (FIL).

#### Forslag til dagsorden:

##### I Godkjenning av innkalling og dagsorden

Innkallinga blei godkjend.

#### Saker til eventuelt:

- Semesterplan for haust 24
- Nasjonalt prosjekt for lærarrekuttering

#### Vedtaks sak

##### Sak 13/24 Oppfølging av emneplanar for praksis i ny modell

Under saksframlegget kom det fram at ny universitets- og høgskulelov vil tre i kraft 1. august 2024. Orientering om denne vil bli tatt opp i ei eiga sak på eit seinare tidspunkt.

Merknader som kom fram i møtet til punkta i saksframlegget:

- Pkt. 3: Under *Vurderingsformer*: Endring av «greidd» til «bestått».  
Under *Praksisbesøk og sluttvurdering av praksis*: Andre avsnitt vert flytta til avsnitt fire.
- Pkt. 6: Emneansvar for KP-dagane bør avklarast og beskrivast. Det bør også utviklast eit «normtal» for ressursbruk for gjennomføring av KP-dagar.
- Pkt. 8: Emneansvar for KPDAG 6 og KPDAG7 må justerast i tråd med programstyrevedtaket frå 07.12.23, sak 62/23, kor Institutt for pedagogikk (PF) og lektorsenteret har delt fagleg ansvar for realisering av desse dagane.  
I kommentar frå PF kom det fram at då saka var oppe i felles programstyre 07.12.23, var ikkje ressurs- og økonomispørsmålet rundt kampuspraksisdagane tilstrekkeleg opplyst.

#### Vedtak

1. Felles programstyre tar punkt 1 til orientering.
2. Felles programstyre vedtek framlegg til revidert tittel og emneplan for KPDAG2.

3. Felles programstyre vedtek framlegg til revidert formulering under vurderingsformer i emneplanar for langpraksis 1 og langpraksis 2, **med dei merknadene som kom fram i møtet.**
4. Felles programstyre vedtar emneplanane for KPDAG5 og KPDAG8 for MN.
5. Felles programstyre tar punkt 5 til orientering.
6. Felles programstyre støttar framlegget til budsjetttramme og vidare arbeid med utvikling av KP-dagane. **Emneansvar for KP-dagane bør avklarast og beskrivast.**
7. Felles programstyre tar punkt 7 til orientering.
8. Felles programstyre tar punktet vedr. synleggjering av fagleg ansvar for realisering av kampuspraksisdagar til orientering, **med dei merknadene som kom fram i møtet om KPDAG6 og KPDAG7, basert på programstyrevedtaket av 7.12.2023.**

#### **Sak 14/24    Universitetskuleavtalar**

Medlemmene i programstyret er positive til utvikling av nye universitetsskuleavtalar framfor prolongering av dei noverande avtalane.

Lektorsenteret vil følgje opp utarbeiding og utvikling av nye avtaler med eit tydelegare innhald og ein tydelegare struktur. Dette arbeidet vil og klårgjere ev. behov for ressursar, som kan spelast inn i budsjettprosessen i juni. Det vart òg peikt på behovet for at skuleeigarar går inn med ressursar.

#### **Vedtak**

Programstyret stiller seg bak arbeidet for å lage nye universitetsskuleavtalar. Lektorsenteret følgjer opp saka med grunnlag i saksframlegget og dei innspela som kom fram på møtet.

#### Orienteringssak

#### **Sak 15/24    Vidare oppfølging av redesign i lektorutdanninga**

Felles programstyre tek saka til orientering.

#### **Sak 16/24    Såkornmidlar**

Lektorsenteret har lyst ut såkornmidlar til utvikling av kampuspraksisdagar og arbeid med didaktisk/pedagogisk bruk av KI i skulefaga. Brev er sendt til fakulteta i ephorte og søknadsfrist er 2.mai.

Felles programstyre tek saka til orientering.

#### **Sak 17/24    Årsrapport frå praksisutvalet**

Felles programstyre tek saka til orientering.

#### **Sak 18/24    Lektorutdanningskonferansen 2024**

Felles programstyre tek saka til orientering.

#### **Sak 19/24    Lærernes dag 2024**

I kommentar i frå Bergen kommune kjem det fram at for at dei skal kunne planlegge deltaking på *Lærernes dag* for sine lærarar, treng dei at dato om dagen blir sendt ut før sommaren.

Felles programstyre tek saka til orientering.

#### **Sak 20/24    Sondering kring *politikk og forvaltning* som fag to ved HF**

I diskusjonen var ikkje realitetane i saka eit moment, men det var støtte for den sakshandsaminga som var skissert i saksframlegget.

Felles programstyre tek saka til orientering.

**Sak 21/24 Skuleretta KI-samarbeid med VLFK**

Felles programstyre tek saka til orientering.

**Sak 22/24 Arbeid med nye nasjonale retningslinjer for 5LU og PPU**

Felles programstyre tek saka til orientering.

**Sak 23/24 Halvdagsseminar om etter- og vidareutdanning**

Felles programstyre tek saka til orientering.

**Sak 24/24 Nytt lokale for lektorsenteret**

Felles programstyre fekk omvising i lokala, og tek saka til orientering.

**Sak 25/24 Eventuelt**

*Semesterplan for haust 2024*

Semesterplanen er både gjennomgått i informasjonsmøte med koordinatarar for timeplanar og vurdering på fakultet og institutt i lektorutdanninga, og er sendt ut i skriftleg form til relevante fakultet og institutt.

*Nasjonalt prosjekt for lærarrekutting*

[Nasjonalt prosjekt for lærarrekutting](#) har som mål at fleire søker lærarutdanning og startar i yrket, i tillegg til at det skal bli større mangfald blant lærarar i både barnehage og skule. Det er HVL som leiar prosjektet. Endre Brunstad og Aud Irene Mehammer er oppnemnde som kontaktpersonar for UiB i prosjektet, og første møte vart halde 20.3.